Stad kommune



Vedlegg 03 Planprogram
Høyringsutkast oktober 2026

Metodeskildring
Kommuneplanen sin arealdel 2029–2041

Innhald

INNLEIING 3

SAMORDNING OG OPPRYDDING AV DEI GJELDANDE AREALDELANE 3

GROVSILING AV AREALINNSPEL 3

KONSEKVENSUTGREIING 4

TEMA I KONSEKVENSUTGREIINGA 4
VURDERING AV KUNNSKAPSGRUNNLAG 5
VURDERING AV ENKELTOMRÅDE 6
Fastsetjing av konsekvens 8
Oppfølging av konsekvensvurderingane 8
KONSEKVENSAR AV SAMLA ENDRINGAR AV AREALBRUK 9

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE 1

METODE 1
SAMANSTILLING AV RISIKO OG KONSEKVENS 2
OPPFØLGING AV ROS-ANALYSA 2

Innleiing

I dag vert arealbruken i Stad styrt etter eldre arealdelar frå dei tre tidlegare kommunane, samt sjøarealplanen (2022). Samfunnsdelen til kommuneplanen for Stad som vart vedteken i 2026 set ny retning for korleis vi skal utvikla kommunen. Målsetningane og strategiane i samfunnsdelen vert vidare konkretisert i planprogrammet til arealdelen.

I arbeidet med arealdelen til kommuneplanen for Stad kommune 2029-2041 vil vi vurdera innspel til ny bruk av areala våre som kjem frå innbyggarar og næringsliv, i tråd med føringar frå nyleg vedtekne arealstrategi frå samfunnsdelen.

Det skal også gjerast ny vurdering av dei areala vi har sett av i gjeldande planar som enno ikkje er bygde ut, for å sikre at vi styrer mot ei ønska utvikling for kommunen. Dette dokumentet gjer greie for korleis vi vil vurdera gjeldande arealbruk og nye arealinnspel.

Samordning og opprydding av dei gjeldande arealdelane

Som del av arbeidet med arealdelen skal vi vurdere ubygde arealformål i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Vi skal også sjå til at bygde areal har rett arealføremål. Vi er òg i gang med oppheving, endring eller vidareføring (planvask) av reguleringsplanar i Stad. Gjennomgangen av arealdelane skal gjerast i desse stega:

1. Identifisere bygde areal der arealføremålet ikkje samsvarar med dagens bruk, og vurdere behovet for justering.
2. Identifisere ubygde areal som er sett av til byggeformål i dag– altså kartlegge planreserven slik den kjem fram i arealrekneskapen.
3. Sjå planreserven opp mot arealstrategiane i samfunnsdelen, strategiske vurderingar om framtidig arealbehov og regionale og nasjonale føringar, og synleggjere konfliktar mellom desse.
4. Vurdere kva byggeområde som skal vidareførast, justerast eller få eit anna arealføremål i den nye planen.

Grovsiling av arealinnspel

Arealinnspel om nye byggeområde skal vurderast gjennom ei tidleg grovsiling. Føremålet er å sile vekk innspel som ikkje er i tråd med rammene for planarbeidet.

Følgjande kriterium skal leggjast til grunn:

- Samsvar med arealstrategiane i samfunnsdelen.
- Samsvar med prioriterte tema i kapittel 4 i planprogrammet.
- Samsvar med regionale føringar og statlege planretningslinjer.

Eventuelle konfliktar skal synleggjerast. Innspel som ikkje samsvarar med desse kriteria, blir silte vekk.

Arealinnspela som blir tatt med vidare, og som inneber nye byggeareal eller fører til vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggeområde skal konsekvensutgreiast. Resultatet av konsekvens-utgreiinga vil vise om arealinnspelet skal innarbeidast i den nye arealdelen eller ikkje.

Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast som ein analyse av ulike tema, jf. forskrift om konsekvensutgreiing §21. Alle arealinnspel/ny arealbruk skal også vurderast opp i mot målsettingar i samfunnsdelen og arealstrategiane.

Tema i konsekvensutgreiinga

Med utgangspunkt forskrift om konsekvensutgreiing §21 har Stad kommune vald ut følgjande tema som skal konsekvensutgreiast:

	Tema	Metode for utgreiing
MILJØ	**Naturmangfald** *Kjende artsverdiar og naturtypeverdiar, sannsyn for ukjende verdiar, samla belastning*	M-1941
	Jordvern og bruk av naturressursar *Fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Skogbruk, fiske og mineralressursar*	
	Landskap og estetikk *Natur- og kulturlandskap, nær- og fjernverknad, arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet, byggjeskikk*	
	Vassmiljø og strandsone *Vassmiljø jf. vassforskrifta, naturverdiar i vatn, vassdrag og strandsona, Samla konsekvensar for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenn tilgjenge.*	
	Kulturminne og kulturmiljø *Kulturminne, kulturmiljø, arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet*	
	Forureining *Utslepp/forureining, klimagassutslepp, støy, klima og miljø. Direkte utslepp, utslepp og opptak frå arealbruk*	
	Friluftsliv *Friluftsliv, tilgjengelegheit for alle, grønstruktur og nærmiljø*	
SAMFUNN	**Bustad og næring** *Bustadutvikling, arbeidsplassar, lokal verdiskaping, logistikk, ringverknadar, kommunale investeringar og utviklingsmoglegheitene for eksisterande verksemder*	V712
	Transport *Trafikktryggleik og transportbehov*	
	Teknisk infrastruktur *Tilknyting til offentleg veg, vatn, avlaup og straum, Energi og nettkapasitet, kapasitet på vegnettet*	
	Folkehelse og idrett *Universell utforming, aldersvenleg lokalsamfunn, levande bygder og levedyktige lokalsamfunn*	
	Barn og unge sine oppvekstvilkår *Kapasitet i skule og barnehage, bukvalitetar, nærmiljø og møteplassar, nærleik til daglege funksjonar, mobilitet trafikktryggleik*	
	Beredskap *Blir vurdert som del av ROS-analysa**	

**Samfunnstryggleik, beredskap, ulykkesrisiko og konsekvensar av klimaendringar er del av ROS-analysen.*

Vurdering av kunnskapsgrunnlag

Verdivurderingane i konsekvensutgreiing skal ta utgangspunkt i kjent kunnskap som er tilgjengeleg i ulike rettleiarar, offentlege kart- og geodatabasar, lokalt kunnskapsgrunnlag om verdiar og utvikling i Stad - med GIS-analysar, resultat frå medverknadsarbeid og anna lokal kunnskap. Kunnskapen som følgjer dei ulike innspela om endra arealbruk, vil også vere nyttig for vurderingane.

Det samla kunnskapsgrunnlaget for Stad er innhaldsrikt og godt for ein overordna konsekvensanalyse. Her kan vi trekka fram at delar av Stad har nyare kartleggingar av naturtypar (etter NiN-metodikken), vi har også eldre naturtypekartleggingar (DN-kartleggingar) som framleis er relevante, og vi har ein naturmangfaldsplan som er venta vedteken i desember 2026. Stad har mykje kunnskap om naturmangfald i sjø og marine naturtypar, særleg i ytre delar, der vi òg har eit stort marint verneområde rundt delar av Stadlandet.

I 2020 kartla og verdisette vi friluftsområda i Stad etter Miljødirektoratet sin veileder. Her vart friluftsområda kategorisert ut i frå om dei er svært viktige, viktige eller registrerte friluftsområde. For å sikre at vi har oppdatert kunnskap om friluftsområda våre, vil vi nytte planprosessen til å be om innspel på kartlagde friluftsområda, samt verdsetjing, undervegs i planprosessen. Vi har òg vedteke plan for friluftslivet sine ferdselårer.

Det pågår arbeid med å vidareutviklinga metodikken for regional friluftskartlegging, dersom dette er klart medan vi arbeider med arealdelen, vil vi nytte denne kunnskapen inn i planarbeidet også.

Kunnskap og kjelder som vert lagt til grunn for dei ulike temaa i konsekvensutgreiinga vert vist i tabellane nedanfor.

Vurdering av enkeltområde

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over utgreiingstema, kva som kan vere relevant å greie ut, og aktuelle kjelder til kunnskap. Oversikta over utgreiingsbehov og kjelder er ikkje uttømmande.

Utgreiingstema	Kva er relevant å greie ut?	Kjelder (Lista er ikkje uttømmande)
Naturmangfald	Kjende naturtypar, artar og økologiske samanhengar, og behov for ny kunnskap. Verknader av arealbeslag, oppdeling av leveområde, forureining og auka aktivitet. Samla belastning på naturmangfaldet.	Naturbase; Artsdatabanken og økologiske grunnkart; naturmangfaldsplanen for Stad; viltkartleggingar; marine naturtypekartleggingar; Vann-nett; marine naturtypar DN19
Landskap og estetikk	Natur- og kulturlandskap, særpreg og stadidentitet. Nær- og fjernverknader av utbygging, mellom anna synlegheit, skala, terrenginngrep, arkitektur og byggjeskikk.	KULA; Utvalde kulturlandskap (UKL) Stadlandet; Naturbase; Naturtypekartlegging; økologiske grunnkart; NIBIO sine landskapsregionar og Kilden; NGU; kommunekart og flyfoto.
Jordvern og bruk av naturressursar	Verknader for dyrka og dyrkbar jord, skog, utmarksbeite, jakt, fiske, drikkevatn, grunnvatn og mineralressursar. Omdisponering av areal, driftsvilkår, ressursutnytting og konfliktar med jordvern og fiskeriinteresser.	NIBIO Kilden, AR5 og gardskart; kjerneområde og omsynssoner for landbruk; skogbruksplanar; NGU sine ressurskart; Fiskeridirektoratet sine kystnære fiskeridata, marine naturtypar DN19
Vassmiljø og strandsone	Tilstand i elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn, og verknader av inngrep, endra vassføring og forureining. Samla verknader for natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og allmenn tilgang til strandsona og vassdrag.	Vann-nett; NVE Atlas; regional plan for vassforvalting; marine naturtypar DN19; statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø; strandsonerettleiaren for Vestland.
Kulturminne og kulturmiljø	Kjende kulturminne og kulturmiljø, kulturhistoriske samanhengar og kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiar. Verknader av arealbeslag, utforming og visuell påverknad i og rundt kulturmiljøa.	Askeladden; Kulturminnesøk; SEFRAK og oversikt over freda bygg; KULA; UKL Stadlandet; forvaltningsplan for Selja (under arbeid).
Forureining	Eksisterande støy, luftforureining og forureina grunn, og om området er eigna til føreslått bruk. Ny forureining frå utbygging, mellom anna støy, støv, lukt og utslepp, og behov for opprydding eller avbøtande tiltak.	Naturbase - Grunnforurensning; NGU; støysonekart og støykart frå Statens vegvesen; støyrettleiaren T-1442; kommuneveilederen for klima og miljø.
Klimagassutslepp	Utslepp og opptak som følgje av arealbruksendringar. Utslepp frå byggje- og anleggsarbeid, materialbruk og energibruk, og korleis utsleppa fordeler seg over tid.	NIBIO sin klimagasskalkulator; arealrekneskapen for Stad; Naturbase; Klimakost; rettleiing frå Direktoratet for byggkvalitet; regional plan for

		klima, grunnkart for arealrekneskap; nasjonale klima- og miljømål - miljøstatus
Friluftsliv	Verdiar og bruk av friluftsområde, ferdselsårer, grønstruktur og nærturområde. Verknader for attraktivitet, samanhengande område, ferdsel og tilgang for alle, universell utforming.	Kartlagde friluftsområde i Stad; regional friluftskartlegging; plan for friluftslivet sine ferdselsårer; ro- og padlelei (under arbeid); statleg sikra friluftsområde.
Bustad og næring	Bustadbehov, bumiljø, arbeidsplassar og lokal verdiskaping, lokalisering av næring etter ABC-prinsippet, logistikk, ringverknader og utviklingsmoglegheiter for eksisterande verksemder, sentrumsutvikling, fortetting, verknader for lokalsamfunn, kommunale investeringar og tilgang til tenester og arbeidsplassar.	Bustadanalyse og bustadpolitisk handlingsplan; arealrekneskap; handels- og næringsanalyse for Stad; analysar og planar for Nordfjordeid; Masterplan Nordfjord; nærings- og reiselivsstrategiar; hamneanalysar; folketalsdata, stadanalyser
Transport	Transportbehov og trafikktryggleik, mellom anna skuleveg og tilhøve for gåande og syklande. Tilgang til kollektivtransport og avstand til arbeidsplassar, tenester og daglege aktivitetar. Verknader av lokalisering og utbyggingsmønster.	FKB og Nasjonal vegdatabank; lokal transportplan; statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet; regional plan for areal og mobilitet (under arbeid).
Teknisk infrastruktur	Tilgang og kapasitet på veg, vatn, avløp, straum og digital infrastruktur. Behov for ny eller utbetra infrastruktur, energi og nettkapasitet. Investeringsbehov og terrenginngrep som følgjer av utbygginga.	Kommunale kart og kapasitetsdata; grunnlag for temaplan for vatn, avløp og overvatn; FKB og Nasjonal vegdatabank; regional transportplan; opplysningar frå netteigar.
Folkehelse og idrett	Verknader for fysisk og psykisk helse, sosial ulikskap og deltaking. Tilgang til møteplassar, idrett, kultur, grønstruktur og rekreasjon. Universell utforming, aldersvenlege lokalsamfunn, varierte bustader og helsefremjande bumiljø.	Folkehelseoversikt og folkehelseprofil; kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett; planar for oppvekst, helse og omsorg; temaplan for kultur; stadanalysar, bustadsosial handlingsplan Stad
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Tilgang til trygge leikeareal, møteplassar og aktivitetstilbod. Avstandar, skuleveg, trafikktryggleik og universell utforming. Verknader av støy, forureining og tap av eller endra tilgang til viktige nærmiljøareal.	Kommunedelplan for oppvekst; folkehelseoversikt; bustadpolitisk handlingsplan; rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging; rettleiaren Barn og unge i plan og byggesak.

Fastsetjing av konsekvens

For kvart område skal konsekvensane av føreslått arealbruk vurderast opp mot eit nullalternativ. Nullalternativet skal skildre den forventa utviklinga utan den føreslåtte arealendringa. Relevante og realistiske alternativ for lokalisering, avgrensing eller arealbruk skal vurderast der dette er aktuelt.

For tema der konsekvensen blir fastsett ut frå verdi og påverknad, skal vurderingane byggje på kriteria i den relevante fagmetoden. Matrisa nedanfor illustrerer dette prinsippet med tre nivå for negative verknader.

Tabell 3: Forenkla illustrasjon av samanhengen mellom verdi og negativ påverknad

Negativ påverknad/ verdi	**Låg verdi**	**Middels verdi**	**Høg verdi**
Liten påverknad	Liten negativ konsekvens	Liten negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens
Middels påverknad	Liten negativ konsekvens	Middels negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens
Stor påverknad	Liten negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens	Stor negativ konsekvens

Matrisa er ein illustrasjon og erstattar ikkje konsekvensviftene eller dei temaspesifikke kriteria i M-1941 og V712. Ubetydelege og positive verknader skal også synleggjerast. For tema som klimagassutslepp, forureining og samfunnsøkonomi skal konsekvensane vurderast med metodane og kriteria som er relevante for det enkelte temaet.

Oppfølging av konsekvensvurderingane

Dersom foreslått arealbruk syner store negative konsekvensar, så vil dette utløyse ei særskild vurdering av forslaget, og mogleg føre til at det ikkje blir teke inn. Ved middels negative konsekvensar skal behovet for endringar og avbøtande tiltak vurderast. Liten negativ konsekvens inneber låg konfliktgrad, men utelukkar ikkje behov for tilpassing eller krav i planen. Vurderinga skal vise korleis skade først kan unngåast, deretter avgrensast og areal istandsetjast. Eventuell kompensasjon er siste utveg.

Fire steg i vurderinga av enkeltområde

1. **Fastsetje verdi og skildre kunnskapsgrunnlaget**

   Identifisere relevante miljø- og samfunnsverdiar og bruke kriteria i den aktuelle fagmetoden. Synleggjere kunnskapsmanglar og behov for supplerande utgreiingar.
2. **Vurdere påverknad**

   Skildre korleis arealendringa påverkar verdiane samanlikna med nullalternativet, og vurdere relevante alternativ og tiltak for å unngå eller redusere negative verknader.
3. **Fastsetje konsekvens for kvart tema**

Bruke relevant fagmetode og grunngi konsekvensvurderinga. Synleggjere både positive og negative verknader, usikkerheit og føresetnader.

4. **Gjere ei samla vurdering av området**

   Samanstille KU og ROS og vurdere samsvar med samfunnsdelen sine arealstrategiar og prioriteringane i kapittel 4. Tilrå om området bør innarbeidast, endrast eller takast ut, og vise kva som må følgjast opp i plankart, føresegner eller vidare planlegging.

Konsekvensar av samla endringar av arealbruk

Forskrift om konsekvensutgreiing §18 krev at vi vurderer dei samla verknadane av endringar av arealbruken i arealdelen til kommuneplanen. Det inneber at vi skal sjå alle endringane i samanheng, slik at vi får fram eit bilete av kva summen av arealbruksendringane betyr for miljø og samfunn i Stad. Dei samla konsekvensane skal visast ut i frå dei ulike fagutgreiingane for miljø og samfunn.

Samanstillinga skal vise:

- Verdiar og dei viktigaste utfordringane som følgjer av arealdelen, og korleis den støttar opp under nasjonale, regionale og lokale ønskjer for framtidas utvikling.
- Korleis arealdelen vil påverka verdiar
- Konsekvensar arealdelen fører med seg for dei ulike fagtemaa.
- Usikkerheitene ved utgreiinga.
- Rangering av alternativ som vist i mal for samanstilling nedanfor:

Vurderingar av konsekvensar for alle fagtema	Nullalternativet	Alternativ 1	Alternativ 2
Naturmangfald (døme på fagtema)			
Oppvekstmiljø (døme på fagtema)			
Rangering			
Grunngjeving for rangeringa			

Risiko- og sårbarheitsanalyse


I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3, skal vi lage ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for arealdelen til kommuneplanen. ROS-analysa skal visa all risiko og sårbare forhold som er vesentleg for om arealet er eigna til bruk, eller om utbygginga vi planlegg for fører til endringar i desse forholda. Målet med analysen er å identifisere og førebygge uønskte hendingar, slik at tap av liv og helse eller materielle verdiar og infrastruktur er mogleg å unngå, eller blir så små som mogleg.

Vi skal lage ROS-analyse for dei arealføremåla (arealinnspel) som skal innarbeidast i ny arealdel til kommuneplanen. I analysa skal vi vurdere potensielle risikoforhold, sannsyn for at ei uønskt hending kan førekomme og moglege konsekvensar av hendinga. Vi skal ta utgangspunkt i overordna analysar og aktsemdskart, samt kartleggingar av naturfare. Analysen skal ha med risiko- og sårbarheitsforhold som er vesentleg for å ivareta samfunnstryggleiken, eller ligg i nærleiken eller på anna vis kan få konsekvensar for området. Ein kombinasjon av risiko- og sårbarheitsforhold kan òg gi endra konsekvensar.

ROS-analysa skal som hovudregel dokumenterast i konsekvensvurderingane. I forskrift til konsekvensutgreiinga er det krav om at vurderingar av samfunnstryggleik blir gjort i ROS-analysen. Vi gir difor eit samandrag av ROS-analysa med referanse til vurderingane om er gjort, for enkeltområde og delområde i konsekvensutgreiinga.

Metode

ROS-analysen skal gjerast i samsvar med rettleiaren til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Analysen skal gjennomførast i fem trinn:



Samanstilling av risiko og konsekvens

ROS-analysa skal presenterast i ei risikomatrise som viser samanstilling av risiko og konsekvens. Risikomatrisa er delt inn i tre kategoriar, og illustrerer om risikoen er høg,, middels eller låg. Det er produktet av verdien for sannsyn multiplisert med verdien for konsekvens som avgjer plasseringa i matrisa.

SANNSYN	KONSEKVENSAR FOR LIV OG HELSE				FORKLARING
		Små	Middels	Store	
	Høg				
	Middels				
	Låg				

Oppfølging av ROS-analysa

Risikovurderingane vil til ein viss grad alltid vere usikre. Tilgjengeleg og relevant kunnskap i form av til dømes statistikk og erfaringar frå tilsvarande situasjonar, vil kunne påverke usikkerheita. Klimaendringar kan påverke både sannsyn og konsekvens. Derfor vil vi som ein del av ROS-analysen gi råd om førebyggande og avbøtande tiltak som må følgjast opp i arealformål, omsynssoner eller sikringssoner, føresegner, rekkefølgjekrav eller retningslinjer, eller at det må settast krav om ytterlegare avklaringar ved utarbeiding av reguleringsplanar.